



Statens vegvesen

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Eli Marita Vik Næss / 57655744 19/79474-5 18.09.2019

Prinsipsak om delvis bompengefinansiering av fv. 57 Dale – Storehaug – tilbakemelding etter høyringa

I samband med handsaming av Regional transportplan 6. desember 2017 vart det gjort m.a. følgjande vedtak i sak 57/17:

«Det vert sett av kr. 60 mill. til delprosjekt på Fv 57 Dale-Storehaug til delstrekningar i Fjaler og Gaular. Det må reknast på bompengepotensialet på strekninga og førebuast ein bompengesøknad, jamfør samrøytes prinsippvedtak i både Fjaler og Gaular»

Statens vegvesen har sendt ei førehandsvurdering om delvis bompengefinansiering av fv. 57 Dale – Storehaug til Gaular og Fjaler kommunar i brev av 12.04.2019. Her vart kommunane invitert til å fatta prinsippvedtak i tråd med tilrådinga i førehandsvurderinga.

For ordens skuld vart det sendt brev til Askvoll og Førde kommunar der vi gav dei høve til å gje ei uttale.

Breva til kommunane og førehandsvurderinga ligg ved.

Fjaler kommune handsama saka i møte 17.06.2019, og gjorde følgjande vedtak i sak 081/19:

«Fjaler kommune er positiv til at Statens vegvesen får mandat til å fortsette arbeidet med konkretisering av finansieringsplanen for utbetringar av fv. 57 mellom Dale og Storehaug og legg til grunn traseaval slik det er føreslege av m.a førehandsvurderinga av Statens Vegvesen for utbetring av Fv 57 mellom Dale og Storehaug.

Følgande føresetnader vert lagt til grunn :

1. Tovegs innkrevjing med ein bomstasjon plassert på kommunegrensa mellom Fjaler og Gaular (Sagevika) og ein bomstasjon mellom Storehaug og Flyplassvegen.
2. Bompengeretakst må ikkje vere høgre enn 60 kr. Det må utgreiast innføring av passeringstak/månadstak for å redusere kostnadane for trafikantane.
3. Fv 610 mellom Osen og Sande må ikkje stengast eller bompengebelastast i prosjekteringsperioden

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

4. Bomstasjon vert etablert etter ferdigstilling av parsell Sætenes – Strandanes. Bomstasjon i området Storehaug – Flyplassvegen vert etablert etter ferdigstilling av Hjelmeland – Storehaug.»

Gaular kommune handsama saka i møte 20.06.2019, og gjorde følgjande vedtak i sak 035/19:

- «1. Gaular kommune meiner ei opprusting av Fv 57 er svært viktig både for lokaltrafikk og som regional sambindingsveg. Vegen vil vere regionforstørrande og styrke den felles bu- og arbeidsmarknaden i Sunnfjord og Ytre Sogn og vil gje betre tilkomst mellom anna til E 39 og Førde lufthamn.
- 2. Gaular kommune meiner at vegen er svært lite eigna som eit bompengeprosjekt då relativt lite vil gå til sjølve vegbygginga. Det er ein føresetnad at ein vesentleg del skal gå til vegbygging. **Kommunen vil difor sei nei til bomstasjon på Fv 57 i Gaular.**
- 3. Gaular meiner det offentlege må gå inn med meir investeringsmidlar slik at heile vegstrekninga mellom Dale – Storehaug kan opprustast til ein tenleg standard innan rimeleg tid.
- 4. Gaular kommune vil føreslå slik prioritering av dei ulike parsellane:
 - 1. Setenes – Strandanes.
 - 2. Hjelmeland – Eide (traséval ikkje endeleg bestemt)
 - 3. Strandanes – Nistadlia.
 - 4. Hjelmeland – Storehaug.
 - 5. Båtevik – Eide med bru Svædsundet (traséval ikkje endeleg bestemt)»

Bystyret i Førde kommune handsama saka i møte 20. juni 2019 og gjorde følgjande vedtak:

«BY- 035/19 Vedtak:

- 1. Førde kommune meiner ei opprustning av fv 57 er viktig, og at bompengar kan vere avgjerande for gjennomføring. Førde kommune støttar difor opp om at Statens vegvesen får mandat til å fortsette arbeidet med konkretisering av finansieringsplanen for utbetringar av fv 57 mellom Dale og Storehaug, basert på følgjande bompengeopplegg:
 - a. Tovegs innkrevjing i ein, to eller tre bomstasjoner plassert på fv. 57/fv. 610 finansiert med bompengar. Alternativet med å stenge Osen - Sande må takast ut.
 - b. Det må utgreiast innføring av passeringstak/månadstak for å redusere kostnadane for trafikantane.
- 2. Fv. 57 er ein viktig sambindingsveg frå HAFS-området til E39 og som pendlingsveg. Vegen vil vere regionforstørrande og styrke den felles bu- og arbeidsmarknaden i Sunnfjord og ytre Sogn. Ev. innføring av bompengar på fv. 57 må derfor følgjast opp med auka offentlege investeringsmidlar der målet er å få lågast mogleg bompengetakst. Heile vegstrekninga mellom Dale og Storehaug skal rustast opp til ein tenleg standard innan rimeleg tid.»

Vi kan ikkje sjå at Askvoll kommune har handsama saka politisk.

Vurdering

Det er opp til lokalpolitiske myndigheter å gjere prinsippvedtak om det skal jobbast vidare med grunnlag for ein bompengesøknad for utbetringar av fv. 57 mellom Sande og Storehaug. I dette grunnlaget må ein detaljere både bompengeopplegget og kva tiltak som skal prioriterast.

Fjaler har gjort vedtak om at Statens vegvesen kan arbeida vidare med ei konkretisering av finansieringsplanen basert på ein bomstasjon i Fjaler og ein i Gaular. Gaular kommune har sagt nei til bomstasjon i sin kommune.

Førde kommune går inn for at Statens vegvesen kan jobbe vidare ei konkretisering av finansieringsplanen med ein, to eller tre bomstasjonar. Vi gjer merksam på at ingen av alternativa i førehandsvurderinga har bomstasjon i Førde kommune.

Fjaler kommune har ikkje teke stilling til om kommunen ønskjer å utgreie eit bompengeopplegg med berre ein stasjon i eigen kommune. Dersom det er aktuelt så vil det vere alternativet som er beskrive som 1a i førehandsvurderinga under pkt. 5.2. Her står det følgjande om bompengebidraget:

«

Bompengetakst (lette køyretøy)	Trafikk (ÅDT)	Finansiering- og innkrevjingskostnader	Bompengebidrag	Forholdet mellom bompengebidrag til vegprosjekter og totale bompengeinntektene
30 kr	690	55 mill. kr	35 - 40 mill. kr	40-45 %
60 kr	620	72 mill. kr	90-100 mill. kr	55-60 %
90 kr	500	82 mill. kr	110-120 mill.kr	55-60 %

Med ein bompengetakst på 30 kr vil bompengebidraget til vegprosjekta berre utgjere om lag 40 pst av dei totale innkravde bompengane. Dette er ikkje eit rasjonelt bompengeopplegg.

Med ein bompengetakst på 60 og 90 kr vil mellom 55-60 pst. av dei innkravde bompengane gå til vegprosjekta. Det er ein stor avisingseffekt når ein går frå 60 og 90 kr i takst, som er ein takstauke på 50 % vil berre gje ein 20 % auke i bompengebidraget. Ein oppnår ikkje ein mykje meir rasjonell innkrevjing med ein slik takstauke heller.»

Ei bompengeordning med 60 kr med tovegs innkrevjing i 15 år inneber ei stor belastning for trafikantane sett i høve til kva ein får att med ei investering på i underkant av 100 mill.kr.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.